



VINDAFJORD
KOMMUNE

Informasjonsskriv juni 2025

Strukturendring Bjoa skule, Vågen oppvekstsenter, Imsland oppvekstsenter og Vikedal skule

Kommunestyrevedtak 073/24 , avbøtande tiltak (verbalpunkt)

- Kommunestyret er opptatt av ein god prosess for elevar, føresette og tilsette, slik at ein er best mogeleg førebudd når elevar vert flytta til ny skule. Den førebuande prosessen må starte i januar 2025. I tillegg til informasjonsmøte, må det vere samhandlingsmøte med FAU og elevråd, tillitsvalte og andre involverte.
- Administrasjonen må ha spesielt fokus på transport for dei yngste elevane. Kommunedirektøren blir beden om å ta kontakt med Kolumbus straks. Er det behov for å gå inn med kommunale midlar for å få til tenlege ordningar ber ein om ei sak på dette. Dette skal leggst fram for OPOM.
- Det blir ikkje gjort budsjettendringar på gymnastikkdelen av Bjoa skule eller i leigeavtalen med Imsland bygdehus i 2025. Kommunedirektøren blir bedt om å leggja fram sak om etterbruk av skulane på Bjoa og i Imsland frå 2026. Saka vert lagt fram før budsjettarbeidet for 2026. Det skal gjennomførast møter med representantar for bygdene. Saka må belysa:
 - etterbruk av Bjoa skule, inkludert eventuell overføring av eigarskapen til gymnastikkbygget.
 - etterbruk av Imsland skule, eventuelt sal
 - gymsal i Imsland bygdehus, bortfall av kommunale leigeinntekter og vurdering av andre tilskot.
 - eksisterande leikeapparat og leikeplass ved skulane
 - andre avbøtande tiltak





I samband med vedtaket som Kommunestyret gjorde i desember 2024 (KS 073/24) følger administrasjonen opp verbalvedtaket og legg opp til ein god prosess med månadleg informasjonsskriv som omhandlar dei punkta som går på barn, elevar, føresette og tilsette. I tillegg skuleskyss og etterbruk av bygg/uteområde.

Dette er det siste informasjonsskrivet i samband med overgangen. Heretter er det einingsleiarane som kjem med relevant informasjon.

Barn/elevar	Elevane har hatt skuleavslutning i Bjoa og Imsland. Alt er lagt til rette for ein trygg og god overgang. Me ser fram til nytt skuleår for alle elevane.
Tilsette	Tilsette har tatt velfortent ferie og er klare for nye oppgåver.
Skyss	All skyss er presentert og lagt til rette for at det skal vera ei trygg og god rute for elevane.
Føresette	I løpet av våren har det vore møte mellom føresette slik at dei har blitt betre kjende med kvarandre.
Bygg/uteområde, etterbruk	Det er gjennomført gode møte med Bjoa Bygdeutviklingslag og med grendautvalet og bygdauset i Imsland. Planar for etterbruk blei diskutert.
Kontaktinformasjon	Anita Jørstad Grindheim Barnehage og skulesjef Mobil: 90 11 54 97 E-post: anita.jorstad.grindheim@vindafjord.kommune.no

Ølen 30.06.25

Anita Jørstad Grindheim
Barnehage- og skulesjef

Nils Erik Eide
Kommunalsjef Oppvekst